



Vang kommune

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato: 28.05.2026
Møtetid: Kl. 13:00 - 16:00
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn

Frammøte

Jørand Ødegård Lunde
Bjørn Olav Søndrol
Elisabeth Myhre
Lars Østbye Hemsing
Steinar Frøyen
Stine Solemsli
Unni Sandsengen
Vidar Eltun
Asgrim Opdal
Elisabeth Hålien
Tom Kjetil Tørstad
Erlend Eggen
Camilla Bjone Hålien
Helge Lajord
Kristin Bakke Lajord

Parti

ANDR
AP
AP
AP
AP
AP
AP
AP
AP
BIV
BIV
BIV
MDG
SP
SP
SP

Forfall

Jon Helge Solemsli
Leif Solemsli

Parti

BIV
BIV

Varamedlem møtte

Kai Rune Hemsing
Odd Vidme

Parti

BIV
BIV

Ugilde	Sak	Varamedlem møtte	Merknad
Helge Lajord	043/26		Jamfør forvaltningslova §6
Jørand Ødegård Lunde	043/26	Per Nicklas Kvam	Jamfør forvaltningslova §6
Lars Østbye Hemsing	043/26		Jamfør forvaltningslova §6

Møtenotater:

Arbeidsmøte med budsjett og økonomiplan frå klokken 09.00. Ordinært møte frå 13.00
Orientering om det økonomisk situasjon og omstillingsprosess, ved kommunedirektør og økonomisjef.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
038/26	Godkjenning av møteprotokoll
039/26	Spontanspørjetimen
040/26	Økonomiske rammer for prosessen budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030
041/26	Drøftingssak om økonomireglement og økonomisk handlingsreglar
043/26	Interpellasjon - Forvaltningsrevisjon av etaten Landbruk og teknisk i Vang kommune
042/26	Samlesak for referatsaker

038/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 038/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

039/26 Spontanspørjetimen

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

Kva skjer med VNK, ynskjer orientering om situasjonen?

Svar frå Ordførar: Det kjem sak til møtet i Juni.

Elisabeth Myhre (AP)

Riving og opprydding av bygningar og eigedomar som forfell. Har kommunen ytterlegare verkemiddel for å pålegge eigarar å setje i verk nødvendige tiltak?

Svar frå kommunedirektøren:

Hovudregelen er at det er den som eig ein eigedom og den som driv næring som har ansvaret for å unngå forsøpling og miljørisikoar. Kommunen skal følgje opp når det ligg føre forsøpling etter forureiningslova, det vil seie når avfall er etterlate eller lagra slik at det verkar skjemmande eller kan føre til miljøproblem.

I praksis betyr det at kommunen bør gripe inn ved kassert avfall, skrot og ulovlege avfallsplassar særleg når det er miljørisiko eller større omfang. Kommunen skal normalt ikkje gripe inn når det er vanleg rot eller uorden på privat eigedom, gjenstandar som er i bruk eller lagra til bruk. Men me som kommune skal tilrettelegge for gode ordningar for å handtere avfall gjennom renovasjonsordningar. Mellom anna er det gratis henting av landbruksplast.

Grensa for når kommunen må følge opp er ei skjønnsmessig vurdering, der kommunen må sjå på tilstand, bruk og omfang i kvar enkelt sak. Nivået må også prioriterast med tanke på ressursar for å følgje opp. Oppsummert kan ein sei at ei god løysing krev både oppfølging frå kommunen og at innbyggjarar og næringsdrivande tek det ansvaret dei har for å handtere avfall.

Eigar har etter plan og bygningsloven paragraf 31-1 ansvar for å holde byggverk og installasjonar som blir regulert av denne lova, i forsvarlig stand, slik at det ikke oppstår vesentlig ulempe for eller fare for skade på personer, eigedom eller miljø.

Kommunen kan føre tilsyn med eksisterande byggverk og areal etter plan og bygningsloven paragraf 25-4. Tilsyn etter denne bestemmelsen kan berre førast dersom det er grunn til å tru at det ligg føre bruk eller forhold som er i strid med denne lova, og som kan føre til fare eller vesentleg ulempe for person, eiendom eller miljø.

Kommunen kan etter plan- og bygningsloven paragraf 31-8 gi pålegg om øyeblikkelig sikring.

Kommune kan etter paragraf 31-10 gi pålegg om riving og fjerning. Kommunen har verkemiddel i kapittel 32 i plan og bygningsloven, slik som tvangsmulkt og overtredelsesgebyr dersom pålegg ikkje blir fulgt opp.

Vidar Eltun (AP)

1. Sentralen/telegrafan, er det gjort tiltak der?

Svar frå kommunedirektøren: Ikkje gjort mykje, men innhenta kunnskapsgrunnlag om kva som kan gjerast. Kostnaden rundt det.

2. Branntomt på bøflata?

Svar frå kommunedirektøren: Kommunen følgjer opp saka i tråd med gjeldande regelverk og tidlegare orientering om saka.

3. Fotball VM, skjenkeløyver, utvida løyver, har det vore søkt om dette?

Svar frå kommunedirektøren: Det er sendt ut spørsmål til alle som har muligheit til dette, har til no fått tilbakemelding frå nokon på at dette ikkje er aktuelt. Dersom kommunestyre vil ha sak på dette, er det muleg.

Bjørn Olav Søndrol (AP)

Kan kommunen finne løysingar som sikrer at nokre av desse leilighetene kan koma på leiemarkedet? Eventuelt Kva andre konkrete tiltak vil kommunen setje i verk for å få fleire bustader ut på leigemarknaden i Vang?

Svar frå Ordførar: Utbyggjar kan leige ut, refererer til bulystteamet som kan sjå på henvendelser osv. Ynskjer at bulysttemaet orienterer om status

Kristin Bakke Lajord (SP)

Det vart i førre møte reist spørsmål knytt til rot og skrot på gardar. Det vert ynskt ei nærare utdjuing av kva verkemiddel kommunen har til rådvelde for å følgje opp slike forhold. Dette gjeld særleg moglegheiter for bruk av pålegg, tvangsmulkt og eventuelle reaksjonar gjennom landbruksforvaltninga, som til dømes avkorting i produksjonstilskot.

Svar frå kommunedirektør:

Dersom ein bonde opptrer uaktsomt eller forsettlig i strid med gjeldende lover og forskrifter, opner regelverket for produksjonstilskot for at ein kan halde tilbake økonomisk støtte.

Kommunen har også verkemiddel gjennom forurensingsloven kapittel 9, slik som tvangsmulkt i paragraf 73 dersom pålegg ikkje blir fulgt opp.

KS - 039/26 Vedtak:

040/26 Økonomiske rammer for prosessen budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande rammer for arbeidet med budsjettprosessen 2027 og økonomiplan 2027-2030 :

Ramme for nettoresultat i etatane

- Kommunestyret vedtek mål for nettoresultat for etatane i økonomiplanperioda 2027-2030 på 240 mill

Ramme for bruk av kraftinntekter (konsesjons- og andelskraft) i driftsbudsjett 2027

- Kommunestyret vedtek at handlingsreglar og budsjettnivå for kraftinntekter blir vurdert i samband med vedtak om økonomireglement gjeldande frå 2027.

Mål for sjølvkostområda i %

- Kommunestyret vedtek at inndekningsmål knytt til sjølvkostområdet innan Vatn og Avløp skal vera 100% i økonomiplanperioden 2027-2030

- Kommunestyret vedtek følgjande inndekningsmål for sjølvkostområda:

- byggesaksbehandling
- kart og oppmåling
- plansaksbehandling
- SFO

Ramme for bruk av næringsfondet i budsjett 2027

- Kommunestyret vedtek ramme for bruk av næringsfondet i 2027-2030 tilsvarande konsesjonsavgift til Vang kommune

Prinsipp for fastsetting av nivå i gebyrregulativet for 2027

- Kommunestyret vedtek følgjande prinsipp for fastsetting av nivå i gebyrregulativet for 2027-2030

Ramme for tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd for 2027

- Kommunestyret vedtek ei ramme for tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd for 2027-2030 på netto 4,5 mill kr (inklusive fakturert tjenesteyring frå kommunen)

Ramme for tilskott til regional samfunn- og næringsutvikling 2027

- Kommunestyret vedtek at ramme for tilskott til regionale samfunns -og næringsutvikling blir vurdert i samband med framtidig organisering av regionalt samarbeid og vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.

Eigaruttak frå Jotun Holding A/S

- Kommunestyret vedtek at eigaruttak skal vere tema eigarmøtet for Jotun Holding AS 18.juni 2026.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Nytt framlegg til vedtak, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre
Administrasjon kjem attende med framlegg til anbefalte mål for høgare dekningsgrad innanfor områda, byggesaksbehandling, kart og oppmåling samt plansaksbehandling..

Vang kommune vil vurdere finansiering av samarbeidsorgana i samband med dei regionale oppgåvene vi deltek i, vi må overhalde inngåtte avtaler.

Eigarmøte i Jotun Holding A/S diskuterer konsekvensar av endra utbytte i selskapet.

Det blir lagt fram kva juridiske rammer som gjeld for konsesjonsavgiftene og bruk av desse i kommunal drift.
Det inngåast ein dialog med Vang kyrkjelege fellesråd om mogeleg mindre overføringar i 2027

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt framlegg til vedtak: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Jørand Ødegård Lunde (ANDR)

KS - 040/26 Vedtak:

Administrasjon kjem attende med framlegg til anbefalte mål for høgare dekningsgrad innanfor områda, byggesaksbehandling, kart og oppmåling samt plansaksbehandling..

Vang kommune vil vurdere finansiering av samarbeidsorgana i samband med dei regionale oppgåvene vi deltek i, vi må overhalde inngåtte avtaler.

Eigarmøte i Jotun Holding A/S diskuterer konsekvensar av endra utbytte i selskapet.

Det blir lagt fram kva juridiske rammer som gjeld for konsesjonsavgiftene og bruk av desse i kommunal drift.

Det inngåast ein dialog med Vang kyrkjelege fellesråd om mogeleg mindre overføringar i 2027

041/26 Drøftingssak om økonomireglement og økonomisk handlingsreglar

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande og er budd på gjere vedtak om oppdatert økonomireglement for Vang kommune i kommunestyret 18.juni 2026.

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 041/26 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande og er budd på gjere vedtak om oppdatert økonomireglement for Vang kommune i kommunestyret 18.juni 2026.

043/26 Interpellasjon - Forvaltningsrevisjon av etaten Landbruk og teknisk i Vang kommune

Framlegg til vedtak:

Interpellasjon frå Steinar Frøyen, datert 20.05.2026, blir teken til orientering.

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Helge Lajord		Jamfør forvaltningslova §6
Jørand Ødegård Lunde	Per Nicklas Kvam	Jamfør forvaltningslova §6

28.05.2026 Kommunestyret**Behandling**

Alternativt forslag, fremja av Bjørn Olav Søndrol, Arbeiderpartiet

Forslag til alternativt vedtak:

Kommunestyret viser til at det i forbindelse med enkelte saker innan Landbruk og teknisk har vore uttrykt behov for gjennomgang, dialog og refleksjon rundt rutiner, kommunikasjon og forvaltningspraksis.

Kommunestyret vil understreke betydningen av å ivareta både innbyggernes tillit til kommunen og et godt arbeidsmiljø for ansatte og leing. Det er viktig at kommunen møter spørsmål og innspill på ein åpen, konstruktiv og læringsorientert måte.

Kommunestyret meiner samtidig at det på nåverandende tidspunkt ikkje er grunnlag for å igangsette ein full forvaltningsrevisjon av heile etaten.

Kommunestyret ber difor kommunedirektøren om å gjennomføre ein intern og systemretta evaluering av relevante rutiner og arbeidsprosessar innan etaten Landbruk og teknisk, med særleg vekt på:

- dialog og tilgjengelighet overfor innbyggere og berørte parter
- informasjon og kommunikasjon i større saker
- saksflyt og forvaltningspraksis
- mulige forbedringstiltak for å styrke tillit og samhandling

Det leggst til grunn at evalueringen skal ha fokus på læring, forbedring og vidare utvikling av tenestene.

Kommunedirektøren bes orientere kommunestyret om oppfølgingen og eventuelle anbefalte tiltak innan rimelig tid.

Kommunestyret erkjenner at også politisk nivå har eit sjølvstendig ansvar for korleis krevjande saker utvikler seg og opplevast over tid. Gjennom prioriteringar, kommunikasjon, debattform og forventningsstyring er kommunestyret sjølv ein viktig del av samarbeids- og tillitsklimaet i kommunen.

Kommunestyret ynskjer difor også en egen evaluering rundt politisk rolleutøvelse, samhandling med administrasjonen og korleis kommunestyret håndterer saker som skapar stort engasjement og konflikt. Målet er å bidra til større tillit, bedre samspel og meir konstruktive prosesser i framtiden.

Det vart stemt over at saka skal realitetsbehandlast: Samrøystes vedteke

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Alternativt forslag: 15 stemmer (100%) - AP 6, BIV 6, MDG 1, SP 2

Bjørn Olav Søndrol (AP)

KS - 043/26 Vedtak:

Kommunestyret viser til at det i forbindelse med enkelte saker innan Landbruk og teknisk har vore uttrykt behov for gjennomgang, dialog og refleksjon rundt rutiner, kommunikasjon og forvaltningspraksis.

Kommunestyret vil understreke betydningen av å ivareta både innbyggernes tillit til kommunen og et godt arbeidsmiljø for ansatte og leing. Det er viktig at kommunen møter spørsmål og innspill på ein åpen, konstruktiv og læringsorientert måte.

Kommunestyret meiner samtidig at det på nåverandende tidspunkt ikkje er grunnlag for å igangsette ein full forvaltningsrevisjon av heile etaten.

Kommunestyret ber difor kommunedirektøren om å gjennomføre ein intern og systemretta evaluering av relevante rutiner og arbeidsprosessar innan etaten Landbruk og teknisk, med særlig vekt på:

- dialog og tilgjengeligheit overfor innbyggere og berørte parter
- informasjon og kommunikasjon i større saker
- saksflyt og forvaltningspraksis
- mulige forbedringstiltak for å styrke tillit og samhandling

Det leggstil grunn at evalueringen skal ha fokus på læring, forbedring og vidare utvikling av tenestene.

Kommunedirektøren bes orientere kommunestyret om oppfølgingen og eventuelle anbefalte tiltak innan rimelig tid.

Kommunestyret erkjenner at også politisk nivå har eit sjølvstendig ansvar for korleis krevjande saker utvikler seg og opplevast over tid. Gjennom prioriteringar, kommunikasjon, debattform og forventningsstyring er kommunestyret sjølv ein viktig del av samarbeids- og tillitsklimaet i kommunen.

Kommunestyret ynskjer difor også en egen evaluering rundt politisk rolleutøvelse, samhandling med administrasjonen og korleis kommunestyret håndterer saker som skapar stort engasjement og konflikt. Målet er å bidra til større tillit, bedre samspel og meir konstruktive prosesser i framtiden.

042/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

28.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 042/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering